



Arkivnr: 2014/21556-3
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet | | 02.12.2014 |
| Fylkesutvalet | | 04.12.2014 |

Søknad om midlar til oppretting av ein ny fagskuleklasse etter Stord-modellen

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Samarbeidsrådet i Sunnhordland om tilskot til ein ny fagskuleklasse på Stord under Bergen tekniske fagskole. Det er søkt om tilskot etter følgjande finansieringsmodell:

| | |
|------------------------------------|---------------|
| Kompensasjonsmidlar (Sunnhordland) | kr. 1 300 000 |
| Hordaland fylkeskommune | kr. 2 900 000 |

Hordaland fylkeskommune har gjeve tilskot til oppstart av til saman tre kull sidan 2012 utanfor den ordinære ramma til Fagskolane i Hordaland. Den fyrste førespurnaden om tilskot til ei fagskuleutdanning på Stord kom frå dei fire industriverksemdene: Kværner Stord, Apply Leirvik, Advantec og Wärtsila, men etter fyrste kull har det kome søkjarar frå industrien i heile Sunnhordland. Industriverksemdene i Sunnhordland ser framleis eit behov for å utdanna fleire personar med fagskuleutdanning.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet løyver kr. 2,9 millionar til å starta opp eit fjerde kull etter Stord-modellen utanfor ramma for Fagskolane i Hordaland. Det er ikkje dekning for denne løyvinga i budsjett 2015. Hordaland fagskulestyre tek endeleg avgjerd om tilbodet skal verte starta opp.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 14-08-04 Søknad om midlar til start av ny fagskuleklasse etter Stordmodellen
- 2 SKMBT_C28414091715130

Fylkesrådmannen, 17.11.2014

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Samarbeidsrådet i Sunnhordaland om tilskot på kroner 2,7 millionar til ein ny fagskuleklasse på Stord under Bergen tekniske fagskole (sjå vedlegg). Eit fagskuletilbod som går over to år, vart tidlegare rekna til å koste totalt 4 millionar kroner, men med løns- og prisvekst er tilbodet forventa å koste 4,2 millionar kroner i dag. Tilboda på Stord har ikkje følgd løns- og prisvekst tidlegare, og på bakgrunn av dette legg ein til grunn følgjande finansiering der ein tek høgde for prisveksten:

Finansiering

| | |
|------------------------------------|---------------|
| Kompensasjonsmidlar (Sunnhordland) | kr. 1 300 000 |
| Hordaland fylkeskommune | kr. 2 900 000 |

Verksemdene vil på si side bidra med tilskot til studentar og lærarar.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2012 gjeve årleg tilskot til oppstart av til saman tre kull på Stord, og fyrste kull som starta opp, vart uteksaminert i januar 2014. Kull nummer 2 skal uteksaminerast i januar 2015 og kull 3 i januar 2016. Tilboda blei starta etter førespurnad frå fire industriverksemdar på Stord (Kvæerner Stord, Apply Leirvik, Advantec og Wärtsila), som alle hadde eit stort kompetansebehov i høve til fagskule- og høgskuleutdanna personell. Industriverksemdene i Sunnhordland ser framleis eit behov for å utdanna fleire personar med fagskuleutdanning og planlegg også eit vidare løp på høgskule til ein bachelorgrad for nokre av dei tilsette som har teke fagskuleutdanning.

Som ein kan sjå i tabellen under, starta dei to fyrste kulla opp med fulle klassar på om lag 30 studentar. Det siste kullet som vart starta opp i fjor, hadde noko færre søkjarar, og 20 personar starta opp. Det fyrste kullet som vart uteksaminert frå Stord, hadde særdeles god gjennomføring, og det ser ut til at kull 2 også får god gjennomføring. Det tredje kullet har noko lågare gjennomføring.

| KLASSE | TAL STUDENTAR | KLASSENAMN | Status |
|--------------------------|---------------|-----------------------|---------------------------|
| 1.kull start januar 2012 | 28 | 15 Maskin/13 Aut | 28 stk ferdig januar 2014 |
| 2.kull start januar 2013 | 32 | 20 Maskin /12 Elektro | 28 stk ferdig januar 2015 |
| 3.kull start januar 2014 | 20 | 20 Maskin | 17 stk held på |

Tilboda har vorte finansierte delvis av Hordaland fylkeskommune og delvis av kompensasjonsmidlar frå nokre av Sunnhordlandskommunane. Årsaka til denne finansieringsordninga er at det ikkje har vore eller er rom for dette tilbodet innanfor den ordinære ramma for Fagskolane i Hordaland.

Dei tidlegare kulla vart finansiert slik:

| | | |
|----------------|---------------|-----------------|
| Kull 1: | RUP-midlar | kr. 1 250 000,- |
| | Fylkesutvalet | kr. 950 000,- |

Pluss eigeninnsats frå verksemdene i form av lærekrefter (berre rekruttering av studentar frå dei fire verksemdene som bidrog økonomisk)

| | | |
|----------------|---|-----------------|
| Kull 2: | Kompensasjonsmidlar - Sunnhordlandskommunar | kr. 1 300 000,- |
| | Fylkesutvalet | kr. 2 700 000,- |

(Det vart rekruttert studentar frå heile Sunnhordland)

Kull 3: Kompensasjonsmidlar - Sunnhordlandskommunar kr. 1 300 000,-
 Fylkesrådmannen kr. 2 700 000,

(Det vart rekruttert studentar frå heile Sunnhordland)

Dersom det vert løyvd midlar til eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole, vil ein rekruttere studentar frå heile Sunnhordland. Ved tildeling av midlar til eit nytt kull må også endeleg avgjerd om oppstart av eit fagskuletilbod handsamast av Hordaland fagskulestyre. Tilbodet kan starte opp i mai 2016 dersom det vert løyvd midlar frå Hordaland fylkeskommune, og dersom Hordaland fagskulestyre vedtek at tilbodet vert oppretta.